

# LOV OG EVANGELIUM

Utgis av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 10

DESEMBER 1993

29. årg.

## Stor gleda

«Men engelen sa til dei: Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor gleda, som skal timast alt folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren.» Luk. 2. 10-11.

Høyr korleis engelen omtalar Jesus: *Stor gleda!* Ei gleda for *alt folket*. Det gjeld alle.

Men han seier meir: «I dag er det fødd *dykk* ein frelsar.» «*Dykk*! Det er julehelsinga til oss. Det er ei personleg helsing til den einskilde - til meg.

«*I dag*! Tenk om det ikkje skulle gjelda i dag! Kva nytte og gleda var det då i englebodskapen? Er det ikkje slik vi tenkjer så titt: Det kan visst ikkje vera for meg, slik som eg har det. Så godt at det difor er til meg - i dag, for eg treng ein frelsar kvar dag og stund.

På desse dyre lovnader byrja hyrdingane å gå. På det same ord skal vi få gå - i tru til Han som står bak sitt eige ord.

Det vart gitt hyrdingane eit teikn: «De skal finna eit lite barn---» Under vandringa er det gitt også oss eit

teikn. Det er når skriftene opnar seg og vi får sjå frelsaren. «Brann ikkje hjarta i oss då han tala med oss på vegen, då han la ut skriftene for oss?»

Oftast lyt vi vandra i tru, ikkje i syn, - men «*Se Jesus er nær, Om stundom han synes langt borte!*»

Så vil vi få ynskja alle vener og medarbeidarar - og lesarar av bladet, ei god, fredsam og gledeleg julehøgtid.

Karl B. Bø

Ragnar Opstad



## Kva er namnet ditt?

Langt tilbake i tida kom ein dag ein prins som var ute på reis, til å stogga ved ein slavehandel eller marknad. Mellom dei mange ulukkelege menneske var det ei ung jente som heitte Seselie, som der skulle seljast til høgstbydande. Ho sto der kledd i sine usle filler - slavedrakta, og eit ukjent slaveliv var det einaste ho kunne sjå fram til.

Då prinsen fekk auga på denne jenta, fekk han godhug for henne, og han løyste henne ut ved å betala det eiga-ren kravde. Så sa han til jenta at nå var ho fri, for han hadde kjøpt henne fri. Men han sa også at han var glad i henne, og ville gjerne at ho skulle fyl-gja han og vera hans brur og bera hans namn. Då ho var villig til det, sende han henne med tenarane sine som fekk bod om å avkle henne slave-drakta og iføra henne prinsesseklær.

Prinsen var på heimveg, og ho fekk plass ved sida av han i vogna hans. Men nede ved føtene til gjenta, der låg slavedrakta samanrulla til ein bylt.

Mens dei var på vegen, vende prin-sen seg til jenta og spurde: Kva er namnet ditt? Då blei ho forvirra og uviss om kva ho skulle svara. Kunne ho våga å nemna seg med det namnet han sa - prinsesse, hans brur? Ho kom til å slå augene ned, og der fekk ho auga på bylten - slavedrakta som min-na henne om kven ho var. Det førde til

at ho svara: «Seselie slavepike.» Då blei prinsen mykje sorgfull og lei seg. Han sa til henne: Nå har eg kjøpt deg fri frå slavekåra, ikledd deg prinsesse-klær og sagt at du skal vera mi brur og bera mitt namn, og så vågar du ikkje å vedkjenna deg namnet eg har gitt deg.

- Den bylten - slavedrakta - den skal liggja der ved foten din til me kører inn porten til slottet mitt, då skal han fjernast så du aldri ser han meir. Men på reisa skal han liggja der for å min-na deg om kven du var, og kva eg har gjort for deg og frikjøpt deg frå, at du er avkledd slavedrakta og ikledd bru-redrakta, så du har full rett til å ved-kjenna deg namnet eg har gitt deg.

Korleis er det med deg, kristne bror og syster, vågar du å vedkjenna deg Jesu namn og at du er ei Jesu Kristi brur? Eller er du lik Seselie slavejenta som såg på bylten? Eg fryktar for at mange av oss liknar henne, og går der og ser på oss sjølv og det me er etter vårt gamle og naturlege men-neske, så me gløymer hans gjerning for oss og hans ord til oss. Du som har avkledd deg det gamle menneske, og har ikledd deg det nye - Kristus, vågar du å vedkjenna deg det?

Kom i hug Jesu ord til deg! «Så seier han som skapte deg og laga deg, ver uredd, for eg har løyst deg ut og kalla deg på namn, du er min» (Esa. 43, 1-fg.) «Ropa til henne at striden

hennar er enda, at skulda hennar er betalt, at ho har fått av Herrens hånd dobbelt opp for alle sine synder» (Esa. 40, 2).

«For har me vorte sameina med han (Jesus) ved likskapen med døden hans, så skal me og verta det ved likskapen med oppstoda hans, sidan me veit dette at vårt gamle menneske vart krossfest med han av di syndelekamen skulle verta til inkjes, så me ikkje skal tena synda lenger. For den som har døydt, han er rettferdigjord frå synda. Men har me døydt med Kristus, så trur me og at me skal leva med

han, av di me veit at etter Kristus sto opp frå dei døde, dør han ikkje meir. Døden har ikkje lenger velde over han. For den døden han døydde, den døydde han ein gong for synda, men det livet han lever, det lever han for Gud. «*Såleis lyt de og rekna dykk for døde for synda, men levande for Gud i Kristus Jesus*» (Rom. 6, 5-11).

*Kristus er alt, i alle, oss* som lever i trua på han. (Kol. 3, 11). Så du kan frimodig vedkjenna deg Jesus, hans død for deg og hans blod som blei utrent for dine synder, og hans siger ved oppstoda frå dei døde, til eit evig liv for deg. - Vedkjenn deg det han har gjort for deg, då han vann deg ei evig utløysing, det han er for deg i dag, og det han har sagt deg i sitt ord.

Dei som kjennest ved meg, dei vil også eg kjennast ved for min Far og for hans englar, seier Jesus. Høyr kor frimodig Paulus vedkjjenner seg Jesus: - «For eg er ved lova død for lova, så eg kan leva for Gud. Eg er krossfest med Kristus, eg lever ikkje sjølv meir, men Kristus lever i meg, og det livet eg nå lever i kjøtet, det lever eg i trua på Guds Son, som elskar meg og gav seg sjølv for meg. Eg aktar ikkje Guds nåde for inkje. For der som rettferd er å vinna ved lova (ved meg), så døydde Kristus utan grunn» (Galat. 2, 19-21).

A. Lid

## Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender ekspedisjonen navn og adresse.

Bladet blir holdt oppe av frivillige gaver.  
Eksp.: Einar Kristoffersen, Eklundbk. 11,  
3770 Kragerø, tlf. 35 99 08 45.

Alt som har med bladets ekspedisjon å gjøre,  
såsom tinging, oppsigelse og adresseforandring  
blir sendt dit.

Gaver til bladet kan sendes kasserer M. Frafjord  
Postgiro 5 68 21 33.

Red. Einar Kristoffersen, Eklundbk. 11,  
3770 Kragerø, tlf. 35 99 08 45.

## Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Formann Karl B. Bø

Vistnesven. 13, 4070 Randaberg,  
telefon og fax 51 41 87 46

Sekretær Håvar Fjære, Goksjøruta,  
3220 Sandefjord, tlf. 33 11 08 31

Kasserer Margrete Frafjord, 4164 Fogn.  
Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro 3204.10.10222  
Bibelskolen på Fossnes, 3160 Stokke  
Telefon 33 33 93 98, telefax 33 33 91 40  
Bankgiro 2490.45.39496  
Postgiro 0825.0771534

# Dei falske profetane

**Matt. 7, 15-20**

*Tak dykk i vare for dei falske profetane! Dei kjem til dykk i saueham, men innvertes er dei grådige ulvar. På fruktene deira skal de kjenna dei: Kan ein hausta druvor av klunger eller fikor av tistlar? Soleis ber alle gode tre god frukt, men låke tre ber vond frukt. Eit godt tre kan ikkje bera vond frukt, og eit låkt tre kan ikkje bera god frukt. Men kvart tre som ikkje gjev god frukt, vert hogge ned og kasta på elden. So skal de då kjenna dei på fruktene.*

Det er ei alvorleg sak Jesus tek opp i teksten vår i dag, og som det ikkje er så lett å tala om, nemleg dei falske profetane. Men Jesus åtvarar oss så sterkt i mot dei, at me er pliktige til å minna våre medmenneske om dei som fører så mange vill.

Dei falske profetane er ikkje sende av Gud, sjølv om dei kjem til oss i saueham. «Eg sende ikkje profetane, men endå sprang dei avstad, eg tala ikkje til dei, men endå spådde dei» (Jeremias 23,21). Det var mange slike falske profetar i den gamle pakt som leidde folket på villstig med løgnene sine. Men når dei talte, då sa dei: «So segjer Herren».

Er her falske profetar i vår tid? Mange segjer når ein kjem inn på slike ting: «Du har ikkje lov til å dømma». Men det er stor skilnad på å dømma og å bedømma den åndelege situasjon. For det skal me gjera, ut frå Ordet. «De kjære, tru ikkje kvar ei ånd, men prøv åndene um dei er av Gud! For mange falske profetar hev gjenge ut i verda» (1. Joh. 4, 1).

Det har vel aldri vore så mange falske profetar i vårt folk som i dag. Og det er nok eit teikn på at me nærmar oss slutten på denne tidshushaldning, då falske messiasar og falske profetar skal stå fram og gjera store teikn og under, so jamvel dei utvalde kunne forvillast, um det var råd.

Korleis skal me kjenna dei falske profetane? Me skal kjenna dei på fruktene, segjer Jesus. Og då fyrst og fremst på forkynninga. «Dei fer lett-vint å med å lækja mitt folks skade, med di dei segjer: Fred, fred! endå det ingen fred er» (Jeremias 6, 14). Her ligg nok grunnskaden i den falske forkynninga.

Og fruktene av forkynninga uteblir heller ikkje. Det var ein ikkje-kristen som sa det slik: «Det er så gildt med dei kristne no, for dei er blitt så like oss». Eg er så redd at det er så altfor sant.

*Ta dykk i vare for dei falske profetane!*

*Godtfred Nygård*

# «For jeg ville ikke vite noget i blant eder uten Jesus Kristus og ham korsfestet.»

## 1. Kor. 2.2.

Ja, har du fått erfare dette ene nødvendige, da blir du aldri mettet før dette på nytt blir åpenbart for hjertet: Jesus Kristus og Han korsfestet for meg!

Se her er livet, ja det eneste som kan bevare og berge en stakkars synder hjem til Gud.

Her er så mange røster i vår tid, og alle påberoper seg å være den rette røsten. Men kjære deg, der hvor Jesus Kristus blir malt for dine øyne, kun der er den rette røsten og den rette trøsten!

Hva skjer når noe blir malt for øyet? Du ser kun det hvorhen du ser, som sangeren sier: «Jeg ser jo ikke annet enn Ham hvorhen jeg ser.» (sangb. 64)

Ja, har du fått se hvem Jesus er, så er det Ham du må få møte igjen og igjen. Du blir aldri mettet med alt dette du hører i dag om hva du skal være, gjøre og vitne.

Øyvind Andersen sier i «Livets Brød», at det nettopp i åndelige fallstider blir lagt så stor betydning på dette. Slik tale viser de kristnes kraftløshet, sier han.

Her er stor nød og forvirring i blant oss i dag. Vi kan tale og vitne

om Jesus og om vekkelse, men her er så få som med ånds og krafts bevis kan føre denne velsignede blodsbrudgom frem i blant oss, så sjelene kan få se seg frelst!

Ser du nøden, ser du vår hjelpe-løshet? Roper du til Herren om vekkelse og fornyelse over oss alle?

Enn i dag er der bare en Guds kraft til frelse: Jesus Kristus og Ham korsfestet!

«Syng for meg sangen om Jesus, syng den i sjeldypet inn.

Syng til hvert ord om min Frelser gjenlyder dypt i mitt sinn.»

*Sølvi Straumstein*

# Mellom brenningar og skjulte skjær

Det er frisk bris, og det er kaldt der eg står ytterst på kaien i ein by nord i landet. Det er ein grå kveld mot av slutten av august. Ein stor havseglar stemner mot land med fulle segl, men etter som han nærmar seg land, fell segl etter segl. Den kraftige vinden gjer at det tar si tid å leggja til, men til slutt fell ankeret og båten legg til kai.

Medan eg har stått og sett på denne store havseglaren, er det tankar som har arbeidt i mitt stille sinn. Om store båtar, i mørke netter og kveldar på veg mot hamn - men så gjekk det stundom gale. Dei nådde aldri hamna, det var noko som skjedde undervegs. Dei forliste og gjekk under i brenningane.

Kva kunne årsaka vera? Medan eg går innover kaiane, stiller eg meg dette spørsmålet. Kompasset var kanskje feil, tenkjer eg med meg sjølv. Det magnetiske kompasset - det er påverkeleg av feilkjelder og må justerast. Kanskje det ikkje var justert ? Kva skjer då ? Jau, det vil bedrá styrmannen. Han vil tru han har rett kurs, at han følgjer leia, men så plutselig ser han brenningane som bryt mot land. Inga redning, «intet håp, la drive for flo og fjære», som Arne Garborg skriv. Så enda det med forlis, sjølv om dei var sikre

på at dei heldt rett kurs. Det var skjedd noko som dei ikkje ein gong var klar over sjølv. (Jamf. 1. Tim. 1.19)

På veg til rommet om kvelden passerer eg eit diskotek. - Slik er det verda sine born gler seg, ei kortvarig nyting av synda. Ja, til og med bekjennande kristne kan ein finna på slike stader. - Kjøtet fekk rom, og ein ville ikkje la sitt «vesle kompass» bli justert av den himmelske kontrollør. Guds Ord blei forkasta, og så enda det kanskje med forlis.

Då eg kjem inn på rommet, slår eg opp Bibelen på eit av versa som har tona for meg medan eg gjekk innover kaiane. «Og gjør ikke Guds Hellige Ånd sorg, han som dere har fått som segl til forløsningens dag.» (Ef. 4.30) Kva vil det seia å gjera Den Heilage Ande sorg? Det må vel vera å ikkje gi han rom, ikkje la han tala. Bibelen talar om dette i Johs. 14.8: «Og når han kommer, skal han overbevise verden om synd og om rettferdighet og om dom.» Får han ikkje overbevisa om synd, så får han heller ikkje overbevisa om rettferd, om Jesu rettferd.

Er det ikkje desse farane Brorson skriv om i sangen på 540 i sangboka?

«Opp vak og be, Så du kan se Å møte syn-  
dens farer!

Fort du kunne trekkes ned I den ondes snarer.

Bruk Ordets makt, Gi nøyakt På hjertet hvor  
det vanker,  
Lær å holde hellig vakt Over dine tanker!

Å følge smukt Guds nådes tukt Når Ånden vil  
deg minne,  
Holder verden utelukt, Hjertefreden inne.

Et lite grann Av surdeig kan All deigen gjen-  
nomsyre;  
Kommer gnisten først i brann, Er den vond å  
styre.

En tanke som I hjertet kom, Og som man litt  
lot råde,  
Har så titt gjort sjelen tom På Guds dyre nåde.

Et løgnens ord I Adam før, Det la vår verden  
øde,  
Det har voldt det sjelemord Hvorved alle dø-  
de.

De sjelesår Som Satan slår, går gjennom  
skjulte ganger;  
De som ikke våkne står, Gjør han fort til fang-  
er.

Vår onde art Opptennes snart Igjennom syn  
og øre,  
Blir en syndig tanke spart, Er han innen døre.

Alt dette vet Erfarenhet Hos alle Herrens ven-  
ner,  
Bort med søvn og sikkerhet, du som Jesus  
kjänner!

Opp, opp på vakt Av all din makt, Før dagen  
din er  
omme. Våk og be, har Jesus sagt, Til du ser  
ham komme."

Kva er det så som påverkar desse  
kompassa i båtane ? Jau, det er den  
magnetiske sør- og nordpol. Og slik  
er det eigentleg med mitt "kompass"  
også, etter som dei gamle tala. Lut-  
her snakka om at Gud gjer to ulike  
gjerningar med sitt Ord. Det verkar  
som lov og evangelium, eller som  
me ofte seier, synd og nåde. Slik  
verkar Guds Ord på "kompassa", el-  
ler rettare sagt ditt og mitt samvit,  
for å justera det, slik at det samsva-  
rar med Guds Ord. Ordet må få dø-  
ma og gjera levande, forferda og  
trøysta. Derfor er det samvitsvek-  
kingar me også treng i dag.

Men som kompassa er påverkele-  
ge for feilkjelder, slik er det også for  
våre samvit. Er det ikkje Guds Ord  
som korrigerer mitt samvit, då er det  
fare på ferde, og då kan djevelen få  
føra meg dit han vil. Kva skjer då ?  
Jau, det kan lenge gå bra, men når  
sjela kjem i mørke og storm, då kan  
"båten" forlisa. Den nådde ikkje må-  
let for reisa.

I Lukas 19.42 står det om at då  
Jesus nærma seg Jerusalem, der han  
ville ha sin bustad i deira hjarto, gret  
han: "Visste også du, om enn først  
på denne din dag, hva som tjener til  
din fred! Men nå er det skjult for di-  
ne øyne." Det er ikkje mange plas-  
sar i vår Bibel det står om at Jesus  
gret, men her viser han kva omsorg  
han har for menneskesjela. Han vil-  
le så gjerne få sleppa til, men så blei

han utestengd. Han fekk ikkje korrigera. Det var eit rom i huset han ikkje fekk gå inn, og til slutt blei han ståande utanfor og banka.(John. Åp. 3.20)

Eg trur det er mange "kompass" som er påverka av feilkjelder i dag, slik at samvita blir oppbundne til anna enn Guds Ord. Kva andre meiner og tykkjer blir viktigare enn kva Guds Ord seier, og så blir samvita bundne til menneske og ikkje til Guds Ord. Feilkjeldene djevelen, verda og vårt eige kjøt prøver heile tida å påverka samvitet. Ein gong frelst, er ikkje alltid frelst, slik nokon hevdar. Nei, det er ein dagleg kamp for ein kristen dette å få eiga fred med Gud i eit godt samvit.

Eg snakka nettopp med ein som hadde installert radio i seglbåten sin. Kva skjedde ? Jau, kompasset byrja å visa feil kurs. Eg har tenkt på det dei siste dagane, at slik er det eigentleg i den åndelege verda også. Tenk på alle dei sjeler som forliser ved alt dei får inn gjennom radio, TV, den kulørte presse etc. Det er mykje feilkjelder i dag som ein kristen må vera forsiktig å lytte til. Gjev ein kristen synda rom, så fører det til fall og fråfall. Då må "kontrollören" til å justera, og det kan vera ein smerteleg prosess, men får han ikkje gjera det, fører det til død - åndeleg død.

Eit vers eg ofte har stansa for i

Salomos Ordspråk(12.1), seier det slik: "Den som elsker tukt, elsker kunnskap. Men den som hater refelse, er dum." Å forstå dette med fornuften er umogleg, men den vise Salomo hadde erfart at dette var sant.(Salomos Ordspråk 3.11-12) Det vil også den som er av sanninga få erfara. Derfor kan til og med ein mann etter Guds hjarta som hadde lært seg sjølv å kjenna, seie: "Ranskak meg, Gud, og kjenn mitt hjerte! Prøv meg og kjenn mine mangfoldige tanker, se om jeg er på fortapelsens veg, og led meg på evighetens veg."(Salme 139.23.24)

På livets seilas mellom brenningar og skjulte skjær er det viktig å ha justert "kompasset", men ein treng å lyfta blikket og sjå etter fyrlys - det himmelske fyrlys. "Midt i nattens mørke blinker Som et fyrlys Jesu navn Og hver hjelp'løs seiler vinker Inn til frelsens trygge havn. Og når solen mer ei skinner, Jesu-navnet lysser enn. Da den frelseste skare synger Høyt dets pris i himmelen." Bibelen minner oss også om å ha blikket festa på "troens opphavsmann og fullender."(Jamf. Hebr. 12)

Den som let sitt "kompass" korrigera av Guds Ord, får oppleva som det står i Hebr. 9.14: "... rense våre samvittigheter fra døde gjerninger så vi kan tjene den levende Gud." Den som lever her i Ordet, han vil også ein dag få oppleva som Bjerkr-

heim skriv:"Han fører deg frelst over fjorden, Heilt fram til den himmelske strand. Når døden sin brotsjø du møter, Vil Jesus dra båten i land." Så må du bror og syster i

Herren ha lukka til på seilasen mot den himmelske strand!

*Dag Rune Lid*

(Fortsatt frå forrige nr.)

## Helging

*Frå boka «Kristus vårt liv» av Ludvig Hope*

Sidan me då har desse lovnader, mine kjære, so lat oss reinsa oss frå all ureinskap på kjøt og ånd og fullføra vår helging i Guds age. 2. Kor. 7, 1.

Den kristen som legg Guds ord bort og låser seg ute frå sitt bønerom, han let ikkje Gud få hove til å verka. Difor er her so mange Guds born som er uåndelege, verdsleg-gjorde og lite heilage.

2. Men skal vår kristenliv veksa og utvikla seg på beste måte, så at me ikkje berre er åndelege i våre ord, men såleis at vår *person* vert utløyst og helga, då er det også noko meir me må ha auga for.

*Me må vaka over vår synd.*

Når Guds ånd viser oss det i vårt liv som er gale og syndig, då er det vår sak om me vil utlevera synda eller halda fast på henne.

Her er me sikkert ved det viktigaste punkt i spørsmålet om vår helging. Her er døra inn til vårt liv, som vår Frelsar bankar på.

Kristus sprengjer seg ikkje fram; han frelsar oss frå synda i vårt liv så langt han får lov. Han bed om rom i oss for si frelsarkraft. Vil me då ofra synda, så gir han kraft til siger; vil me ikkje, så vert synda der ho var, og me taper Guds kraft.

Du ser det er likeeins med dette som då du vart frelst.

Du hugsar nok korleis du prøvde å finna fram til Gud, såleis at du slapp å utlevera deg sjølv og di synd. Men så ein dag gav du ifrå deg alt, så langt du såg. Du sa: Her er eg,

Herre, og her er også mi synd. Du gav det alt til Gud, og du vart frelst.

Der var rom for frelsa.

Den same åndslova verkar i vårtliv også når me er kristne, fordi synda heng ved oss.

Vegen til helging går difor ikkje *omkring* oss sjølv, men *gjennom* oss.

Men kor gjerne me ville sleppa å gå denne vegen!

Det er dødsens veg for det gamle menneske.

Mange synest han er for tung, dei kan ikkje fylgja han heilt, og så vert synda liggjande i vegen for Kristus.

Guds ånd viser deg at du er girug, tverr, vondtenkt og sladresjuk.

Dette er synd.

Men vil du ofra sjølve synda? Vil du med ærleg vilje verta synda kvitt?

Ja – dersom Gud kom og tok synda ifrå deg mens dusov, så du kunne vakna og ikkje finna henne att, så ville du kanskje bli henne kvitt; men vil du *no*, no mens du har hug til å samla pengar, vera sur og vrang, no mens du har høve til å sladra, vil du verta den synda kvitt *no*?

Kristne: gi eit ærleg svar – no!

Då assyrarkongen Sankerib hadde kringsett Jerusalem og sende spottord og smedebrev inn i byen, då reiv Esekias klæda sine sund, klædde seg i sekk og breidde brevet ut for Herrens åsyn i hans hus.

Med sundrevne klæde, i sekk og med *ope* brev for Guds andlet, mens han bad om nåde, såleis låg Esekias då Herren gav han siger. 2. Kong. 19.

Då Akan var steina, og Israel så gjekk mot Ai, då vann dei. Jos. 8, 19.

«Me har eit altar som dei ikkje har lov til å eta av, dei som tener ved tjeldet. For dei dyr som blodet vert teke av og bore til offer for synda inn i heilagdomen ved øvstpresten, deira kroppar vert oppbrende utanfor lægret.» Hebr. 13, 10-11.

Også i den nye pakt er det eit altar som ingen kristen har rett til å eta av.

Ved nådestolen – hjå Jesus – der skal den kristne ofra si synd.

Vår tunga er og blir ustyrleg om me ikkje let Gud styra henne. Me vil halda på å vera æresjuke, giruge, vondtenkte og sladresjuke, syndige i ord og gjerning, om me ikkje går til Gud med sjølve synda.

Det brevet som spottar oss fordi me er eit innestengt Guds folk, og fordi me er for veike til å slå våre fiendar, *det brevet* må me leggja fram for vår einaste Frelsar med bøn om nåde og hjelp.

Den kristen som ikkje gjer det, han stengjer seg sjølv vegen til den frelsarkraft som skal helga hans liv.

«Lat oss difor med fritt mod gå fram for nådens kongsstol, so me

kan få miskunn og finna nåde til hjelp i rette tid.» Hebr. 4, 16.

Men når dette om vårt arbeid og ansvar er klårt, så er her eit par ting til me må minnast, om ikkje heile vårt helgingsarbeid skal bli lovtrældom.

*Først dette: Me må tilstå at me ikkje orkar å vinna over ei einaste synd.*

Den kraft me eig i oss sjølve – som kristne – er for veik til å sigra over synda. Me må få krafta frå Gud.

Då Moses sat på fjellet med henedene retta mot himmelen – teiknet på hjelpeleysa – då vann Israel (2. Mos. 17, 10), og då kong Josafat sa: «Der er inga kraft i oss – men våre augo er vende mot deg» (2. Krøn. 20, 12.) då hadde han funne vegen til siger. Det er den same livsvisdom Paulus let oss sjå inn i ved desse ord: Når eg er vanmektig, då er eg sterk. For Guds kraft vert fullenda i vanmakt. 2. Kor. 12, 9 og 10.

Å koma fram til vår Frelsar med sjølve synda og seia alt som det er, og så leggja seg hjelpelaus ved Jesu hjarta, det er ikkje å vera på Sinai, men på Golgata, i kampen mot syn- da.

Men prøver me å vinna over det vonde ved vår vilje, vårt alvor og vår kristenkraft, så vert me liggjande slegne midt i våre synder.

*Dernest: Bygg aldri din barnerett på di helging.*

Fell du for den freistinga, så er du træl.

Då er du frimodig kvar gong du synest du er som du skal vera, men redd og tvilande når du synest det er smått med deg. Då sviktar grunnen under deg den dag du helst trøng å stå på fjell.

Hald difor fast på din barnerett både når du synest det går opp og når det går ned. Barnet er ikkje barn fordi det er eit godt barn, men fordi det *fødd* til barn.

*Og går det smått,  
ja, stundom rent på tvers,  
jeg synger bare på mitt gamle vers  
om Lammet som meg renset ved sitt blod,  
med denne trøst jeg går i dødens flod.*

Gud gi også oss notidskristne å finna den rette form for den sunne læra i dette spørsmål. Når me så ser vegen og er viljuge til å gå han, då skal livet frå Gud finna vegen inn i oss som sevja i tre, og då skal det også i vårt liv veksa fram eit Guds menneske.

For så mange som Guds lovnader er, så har dei i han sitt ja og får også i han sitt amen.

Gud til æra ved oss.

# Misjonen - Guds hjertesak

Nesten 100 mennesker i alle aldrre var samlet til seminar om Bibelens misjonsbudskap 23. - 24. oktober på Bibelskolen på Fossnes. Det var Jon Espeland som holdt bibeltimene. Han har vært ute som misjonær i Peru.

I løpet av seminaret ble det gitt uttrykk for at Lekmannsmisjonens store ønske er å få sende ut egne utsendinger og få et ytremisjonsarbeid. Det er noen år siden organisasjonen hadde en misjonær, men man har håp om at det kan la seg gjøre å få etablert et ytremisjonsarbeid igjen og sende ut egne misjonærer.

## Alt står til Gud

Jon Espeland understreket at misjonen er Guds sak. Alt står til Gud. Misjonen er alltid Guds verk. Før himmel og jord ble grunnlagt var Guds felsesplan fattet i Guds evige råd. Frelsen utgår fra Gud.

Det er ingen trang bland menneskene om å bli frelst. Mennesket søker ikke Gud. Misjon er Guds kjærlighet som søker å frelse det som er fortapt. Jesus døde for oss mens vi enda var syndere. Han leiter oss opp, kaller oss og gjenfører oss ved sitt Ord og setter oss over fra døden til livet.

## Guds hjertesak

Det ligger ikke folket på hjertet å bli frelst, men det ligger Herren på hjertet. Misjonen springer ut fra Guds hjerte. Det er ikke synderen som søker Gud, men Gud søker synderen. Det er Gud som elsker verden og «Det står ikke til

den som vil eller til den som løper, men til Gud som gjør miskunnhet» (Rom. 9,16). Hadde det ikke stått til Gud, så hadde det vært ute med oss. Frelsen er fra Gud og kallet til å forkynne er fra Gud. Det er Gud som kaller og innsetter sine vitner. Hele veien er det Jesus som er ute og leiter etter sitt tapte får. Jesu sinn er et hyrdesinn, et frelsersinn.

## Misjonssinn - Jesu sinn

Når du blir frelst og gjenfødt, så får du Kristi sinn (1. Kor. 2,16) . En kristen har blitt ett med Jesus, det er født et nytt sinn inne i ham. Det nye sinnet vil det Jesus vil. «Har du nød for de ufrelste?» Etter ditt eget naturlige sinn har du ikke engang nød for din egen sjel. Men Jesus har nød for de ufrelste, og i den grad Jesus får gripe ditt hjerte, i den grad blir Jesu nød din nød.

Hos Paulus (Rom. 9,1-3) og Moses (2. Mos. 32,30-32) møter vi Jesu sinnelag. Paulus var så grepent av Jesus at han fikk den samme kjærlighet til sine frendr etter kjødet som Jesus har. Her ligger drivkraften til misjon. Vi kan argumentere og overbevise om misjonens store og viktige sak, men det blir bare menneskeverk. Vi må inn til Jesus og få Jesu sinnelag. Når du kommer inn til Jesus, så får du se verden med Jesu øyne, og så får du Jesu nød.

## Evangeliets virkekraft

Jesus ga sitt liv til en løsepeng for alle, for deg og for dem som ikke har hørt. Forsoningen er grunnlaget for misjonen. Verden er forlikt med Gud.

Evangeliet er for alle. Evangeliet må stadig ut til dem som lever i mørket utenfor, det søker alltid det bortkomne får, og stadig er det nye som blir hentet inn av den gode hyrde.

Når Jesus flytter inn i et menneske som har tatt imot evangeliet, så får det

del i Jesu smerte, og så må det vitne om Jesus for sine og for dem som ikke har hørt. Det er evangeliets virkekraft, det må stadig videre ut.

*Ref. Per Bergene Holm*

## Bibelhelg på Skårneshimen

Siste helga i oktober hadde ein enno ein gong gleda av å ynskje velkomen til bibelhelg på Skårneshimen på Karmøy. Det var ca. 80 påmelde, og ein del bygdefolk deltok også på møta. Sven Berglund og Reidar Linkjendal var talalar, då Godtfred Nygård hadde meldt forfall grunna sjukdom. Dei som gledde oss med song var Magne Ekanger, Langåker Mannskor, Magne Straumstein og ei songgruppe tilknytta bibelskulen på Fossnes.

Laurdag morgen talte Reidar Linkjendal over emnet: «Under Guds vrede». Han tok utgangspunkt i Rom. 1.18-19, 2.5-8. «Ingen ting er synd i dag, men Gud har ikke forandret seg. Den som vil unnskydde sine synder er under Guds vrede», la han innover forsamlinga. Men han understreka også at ved Jesu blod kunne ein bli frelst frå vreiden. (Rom. 5.9). På dei andre møta hadde han tekstar frå Ef. 2.8-22 og frå Gal. 1.

Sven Berglund hadde 2 emner frå profeten Daniel og eit frå Hebreane. Frå Daniel tok han opp Daniel si oppleving «gennom ild» og Daniel sin bønesukk «For din skyld min Gud». Han drog parallellar mellom Guds folk no og då, og avslutta med nokre ord frå Dag Risdal si bok: «Levende forkynelse eller tomme ord», der han skriv: «La oss be om vekkelse! Det er ikke for sent å be om vekkelse for land og folk!». Frå Hebreane 7.25-27 tala han om «frigjøringsdagen», også med henvising til Sakarias 3.9.

På vitnemøtet laurdag kveld var det mange som nyttet høvet til å dele livserfaringar og Guds Ord med dei andre. Ein merka også at vekkingstonane frå møta hadde fått tala til sjelene, og bønebegjær blei lagde fram for han som har all makt i himmel og på jord.

*Dag Rune Lid*

# Nytt fra Bibelskolen på Fossnes

## 2. skoleår:

Vi er snart halvveis i andre skoleår, og det ble til sist to elever i høst. I tillegg følger en pensjonist det aller meste av undervisningen. Det har vært ei fin tid, selv om vi ikke har vært så mange. Nå har det vært flere andre innom timene av og til også, så vi har vært både fire og fem «elever» i mange timer.

I tillegg til Lars Fosdal som er husfar og lærer, og Per Bergene Holm som er rektor, så har Håvar Fjære og Olaf Klavnæs vært timelærere i høst. Fjære underviser i kirkehistorie og prekenlære, og Klavnæs har tatt for seg Salomos Høysang denne høsten. Ellers er fagene stort sett som i fjor.

## Å forstå med hjertet:

Det er tett program for elevene, og det er mye som skal absorberes. Det er jo ikke bare slikt som skal læres med forstanden. Ønskemålet var jo at en kunne forstå med hjertet. Det gjør at det også kan bli kampfullt for oss lærere. Det er ikke alltid like lett å gå gjennom et brev eller et profetskrift. Det er så mye der som rammer en, så mye som dømmer en. En kan ikke bare lære andre og ikke ta Ordet til sitt eget hjerte. Det er en daglig kamp; kunne jeg bare selv leve i det jeg lærte. Hvis ikke, blir det bare tomme ord, død ortodoksi.

Evangeliet blir noe jeg vet og kan framsi, men det blir ikke mitt liv og min frelse. Må dere som ber til Herren, ta med oss ved bibelskolen i deres bønner, at Guds Ord blir mer enn kunnskap og teori, at det må bli noe vi lever i og lever av.

## Andre bygninger:

Vi har jo flyttet inn i andre bygninger dette skoleåret. De første ukene i høst var preget av dugnad og innflytting. Det var mye som skulle vaskes og ryddes og males og settes i stand. Nå er vi godt i hus, og vi er meget fornøyd med bygningene. Etter hvert som vi har kommet i orden, så har det vist seg at vi har fått svært mye for pengene. Standarden er høy, og det skal lite til før rommene blir både tiltalende og funksjonelle. Litt maling gjør mye. Evelyn Dalen tok til som husmor og har hatt mye å stri med. Det er hun som har måttet ta det meste av ansvaret for vask og rydding og istrandsetting av rom, så det har blitt en tøff start. Det planlegges fortsatt noe dugnadsinnsats framover vinteren. Samtlige tak skal vaskes, rom skal settes i stand og males osv. Det er nedsatt en egen dugnadskomite for å avlaste oss som har vårt daglige virke ved skolen, og den har ansvar for å organisere dugnadssarbeidet i vinter.

## Bibelkurs med dugnad?:

Vi har så vidt snakket litt i styret for bibelskolen om å ha bibelkurs for husmødre, pensjonister og andre som kan komme fra, i begynnelsen av juni neste år. Vi kunne da tenke oss å ha to eller tre vanlige skoletimer/bibeltimer i løpet av dagen og kvelden, hvor vi gikk i gjennom et kort brev eller noen emner fra trosslæren. Så ville vi sette av ei økt på formiddagen og ei økt på ettermiddagen til dugnadsarbeid. Her kan det være snakk om å trekke om møbler, male, vaske og rydde, sy gardiner osv.

## Økonomien:

Først vil jeg nytte anledningen til å takke alle dere som har gitt til skolen. Det har vært underlig å se hvor mye som har kommet inn de siste månedene. Nå har det ikke bare kommet inn pengegaver, men også naturalia og utstyr. På åpningsfesten ble det dessuten overrakt et gripende maleri av Jesus på korset, malt av Per Linkjendal.

Nå har vi stort sett det vi trenger til skolen. Vi har ennå ikke kjøpt noen møbler, men har greid oss med det som vi har fått med bygningene, så vi kan ikke møblere mer enn en 8-10 rom i skikkelig standard. Vi hadde tenkt å greie oss med det inntil videre, og så supplere etter hvert som behovet meldte seg. Nå har vi imidlertid kommet over et tilbud på

møbler fra et firma som leverer til OL på Lillehammer. Det skal selges ut inventar fra 2500 rom, brukt i ti dager. Prisen på komplette rom ligger i overkant av 5000,- pr. rom, inklusiv moms. Vi synes det er vanskelig å la en slik mulighet gå fra oss, da vi ellers måtte regne med over det dobbelte pr. rom.

I løpet av vinteren håper vi også å få i stand en stor møtesal med plass til over 100 mennesker, så vi ser også etter forsamlingsstoler.

I dag har vi i overkant av 800.000,- på konto. Det er ennå ikke betalt noe avdrag på kjøpesummen, da kommunen ennå ikke har fått utfordiget kjøpekontrakten og fradelingen av eiendommen ennå ikke er ferdigbehandlet. Vi har fått utkast til kjøpekontrakten og venter på en siste finpuss før kontrakten kan undertegnes. Så før utgangen av året regner vi med at det første beløpet er betalt. Etter den foreløpige avtalen skal vi betale 300.000,- når kontrakten skrives, 1.400.000,- den 1. februar 1994 og de siste 300.000,- den 1. august 1994. Fradelingen er i tid knyttet opp til fradeling av en annen del av Fossnessentret, og det kan føre til at det tar noe tid før formell overdragelse av eiendommen er i orden. Det vil på sin side også føre til at tidspunktet for hovedforfall utsettes. Selv om Lekmannsmisjonens hovedkasse gir et betydelig til-

---

skudd, så mangler vi flere hundre tusen av kjøpesummen pr. i dag. Hvis vi skal kjøpe møbler nå også, så er behovet ennå større. Nå får vi statsstøtte fra 1. januar 1994, så vi vil ha solid økonomi uansett, selv om vi måtte ta opp et større lån i første omgang. Men vi ønsket jo at lånet skulle være så lite som mulig. Det er ikke ønskelig å være for avhengig av statsstøtten. Aller helst skulle vi drive slik at vi kunne greie oss uten statsstøtte, hvis det skulle bli nødvendig.

Det er altså fortsatt behov for gaver. Hvis noen kunne tenke seg å gi rimelige lån, om det skulle bli nødvendig, så er det også kjærkomment.

**Hva med elever neste år?**

Det tjener ikke til noe å ha fine og funksjonelle bygninger, hvis vi ikke får elever til å fylle dem. Det er vår store nød. Vi ved bibelskolen kan ikke gjøre så mye annet enn å avertere og gjøre skolen kjent på den måten. Men det er nok først og fremst gjennom personlig kontakt og anbefaling at man tilskyndes til å søke en bestemt bibelskole. Er det

noen du kunne gi et puff til å søke Bibelskolen på Fossnes? Be om skoleplan med søknadsskjema fra oss og gi det til den eller dem du vil anbefale et år på bibelskolen.

Hvorfor vil vi så gjerne at det må komme mange elever til Bibelskolen på Fossnes? Vi tror at det er behov for den undervisning som gis der. Vi tror at det er behov for at unge og eldre blir grunnfestet i Guds Ord. Det er så mange som stiller spørsmålstege ved Guds Ord i dag, som trekker det i tvil. Det er så mye som utgis for å være kristendom som ikke er det. Her trenger vi alle til at Guds Ord lærer oss å skille det edle fra det uedle, sannhet fra løgn, mørke fra lys. Det er vårt ønske at bibelskolen kunne være et sted der Guds Ord fikk gjøre denne gjerning hos elevene gjennom timer og møter i løpet av året, slik at de kunne kjenne sannheten og erfare at sannheten gjør dem fri (Joh. 8,32). Det vet vi at det er behov for i dag, derfor ønsker og ber vi om at så mange som mulig må få del i det.

*Per Bergene Holm*